

UWC Røde Kors Nordisk er ein internatskule for 200 elevar i alderen 16-19 år, frå meir enn 80 ulike land. Elevane gjennomfører eit to-årig studieprogram - International Baccalaureate (IB) Diploma. Skulen starta opp i 1995 og er mellom anna finansiert av offentlege midlar frå dei nordiske landa, og ligg idyllisk plassert ved Flekkefjorden i Fjaler kommune på Vestlandet. Skulen har omlag 65 tilsette og har to datterselskap, UWC Connect AS og Verdsgrenda Eigedom AS. UWC Connect har ansvar for andre aktivitetar som mellom anna leirskule, sommarleirar og som vertskap for ulike grupper som kjem for å oppleve det unike miljøet på skulen. Verdsgrenda Eigedom AS eig og forvaltar bygg på eigedom.

Kjøkkenassistent - 74,18 % fast stilling

Vi har ledig stilling som kjøkkenassistent for turnusarbeid i ein mangfaldig organisasjon med høgt aktivitetsnivå for tilsetjing snarast.

Vi søker deg som er nøyaktig, flittig og oppteken av å ha det kjekt på arbeid saman med gode kollegaer. Per i dag er det ti tilsette som arbeider i heil- eller deltidstillingar ved kjøkkenet, og vi har no behov for å tilsette enno ein flink person for å erstatte ein av våre faste tilsette.

UWC Røde Kors Nordisk er eit unikt miljø og på ein unik stad. Du vil neppe finne liknande miljø med slik variasjon i mangfald, utfordringar og interessante oppgåver. Vi er eit fleirkulturelt samfunn, der alle har eit ansvar for studentane og gjestane si velferd, utdanning og opplæring, og der vi jobbar tett ilag. Dette kan til tider vere krevjande, men er samtidig veldig gjevande.

Arbeidsområde

Som assistent ved UWC sitt kjøkken vil du hovudsakleg arbeide med å førebu måltid (pålegg, frukt, salat m.m.), samt vaske og rydde i samband med dei tre daglege og faste måltida. Vi har egne kokkar som lagar dei varme måltida.

Teamleiar og Operational Service Manager (OSM) er dine næraste leiarar.

Du vil inngå i ein turnusplan som inneber arbeid morgon, middag og kveld, og sidan skulen er heim for omlag 200 studentar så vil det også inngå helgararbeid kvar tredje veke i turnusen.

Arbeidsoppgåver

- Utføre daglege oppgåver knytt mot servering av frukost, lunsj og midda
- Ta i mot mat- og daglegvarer
- Oppvask, og vask av bord og golvareal i kantina

Kvalifikasjonar

- Det er ynskjeleg med erfaring innan kjøkken-/kantinedrift eller matservering, men dette er ikkje eit krav
- Evne til å yte god service til elevane og gjestane våre
- Norsk er arbeidsspråk i kvardagen, men sidan vi er ein internasjonal skule må ein også kunne kommunisere på engelsk

Personlege eigenskapar

- Interesse for mat
- Ynskje om å vere del av eit team som er ein sær s viktig del av skulen
- Vere høgt motivert, ha god struktur og like og evne å jobbe sjølvstendig og i team
- Ha høg integritet og kan trivast med arbeid i eit dynamisk miljø med elevar og tilsette med ulik kulturell og etnisk bakgrunn, jamfør UWC sine verdiar og misjon

Kva kan vi tilby?

- Ein strukturert arbeidskvardag med høve til ulike kurs og eigenutvikling
- Løn etter KS tariff
- Gode pensjons- og forsikringsordningar
- Tilgang til Røde Kors Haugland rehabiliteringssenter sine basseng og treningsrom
- Tilgang til ulike utandørsaktivitetar, organisert gjennom skulen

Dersom dette er arbeidsoppgåver og ei stilling som kan passe for deg, ber vi om at du sender ein enkel søknad og CV til appointments@uwrcn.no.

Søknadsfrist er 02.09.2024, med tilsetjing snarast.

For spørsmål til stillinga kan du ta kontakt med OSM (Operational Service Manager) **Ainor Naustdal** på tlf. **917 09 715**, eller ainor.naustdal@uwrcn.no

Ein må legge fram politiattest som ikkje er eldre enn tre månadar før ein kan ta til i stillinga.